



Pris: 10.-

VINDDALEN - NORDBEKKTJØRN

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: 4 timer

Passar for: Familietur

Parkering: Parker ved sandtaket på venstre side av vegen.

Kartblad: 1312 IV: Frafjord

Verd å merka seg:

Dersom ein har med seg ungar passer det bra å ha Mikkelstølen som turmål.




Foto: Bjarne Oddane

OM TUREN

Når ein står på parkeringsplassen og kikkar oppover mot Tormodknuten og Måveknuten streifar kanskje tanken "det kan vel ikkje vere opp denne fjellsida eg skal gå". Men det er det. Stien går på skrå oppover Bjørnalia og er slett ikkje så bratt som ein skulle tru. Når ein har gått på stien som svingar seg mellom bjørketrea og kjem opp i høgda, omlag på tregrensa, openberre det seg ein kjempeflott utsikt. Her er det fint å setje seg ned, ta fram vassflaska, og nytautsikten over bygda langt der nede. Frå her er det ikkje lange stubben fram til Mikkelstølen. Frå Mikkelstølen går stien vidare til Nordbekktjørna. Her går stien gjennom lynghei og myrlandskap. Det er ikkje lagt opp til ei rundløype så turen tilbake til parkeringsplassen går same veg som opp.

Rik natur

I bjørkeskogen i Bjørnelia er det mykje å sjå og oppdage for den som er interessert i naturopplevelingar. Fuglelivet er rikt, noko ein særleg legg merke til på våren når fuglane syng. På hausten bør ein kikke litt ekstra etter på skogbotn etter sopp. Sjølv om ein ikkje veit kva som er etande og kva som er giftig sopp, kan det vere ei oppleveling i seg sjølv å sjå og oppdaga det store mangfaldet. Kantarellen, ein art som dei fleste kan føle seg sikre på, finn ein også her i skogen.



